




LESEPLAN FOR HOGNESTAD SKULE

Revidert 20.05.25

Innhald

0.0 Innleiing:.....	3
1.0 Lesing som grunnleggande ferdigheit / Alle er leselærarar	3
1.1. Lesing – ulike ferdigheitsnivå	3
2.0 Lesing i alle fag.....	5
3.0 Verktøy skulen brukar.....	6
3.1 SOL	6
3.2 RELEMO	6
3.3 ASKI RASKI.....	6
3.4 IMal	6
3.5 På Sporet	6
3.6 Klasselesekurs	6
3.7 Lesestrategiar.....	7
3.9 CL-strukturar	8
3.9 Bibliotekhalvtime.....	8
4.0 Årshjul lesing Hognestad skule 2025- 2026.....	8

0.0 Innleiing:

Lesing er ein av dei viktigaste ferdigheitene me lærar. Me treng å kunna tileigna oss kunnskap gjennom lesing på alle nivå i samfunnet. Det er difor avgjerande at alle elevane opplever å bli møtt på sitt nivå, og får utvikla seg til sitt høgaste potensiale i lesing. For nokre elevar tyder det at dei er sterke lesarar teknisk og har god leseforståing, medan for andre, som gjerne slit med lesevanskar, handlar det om å kunna nytta gode verktøy som kan kompensera for det eleven ikkje sjølve klarar, slik at eleven kan få utnytta sitt potensiale for læring totalt sett. Målet for leseplanen er at den skal vera eit aktivt dokument for dei tilsette på skulen.

1.0 Lesing som grunnleggande ferdigheit / Alle er leselærarar

LK20 seier dette om lesing som grunnleggande ferdigheit:

Å kunna lesa i norsk inneber å lesa både på papir og digitalt. Det inneber å kunna lesa og reflektera over skjønnlitteratur og sakprosa, å beherska lesestrategiar tilpassa føremålet med lesinga og å kunna vurdera tekstar kritisk. Lesing i norsk inneber og å lesa samansette tekstar som kan innehalda skrift, bilete, teikningar, tal og andre uttrykksformer. Norsk har eit særleg ansvar for opplæringa i å kunna lesa. Utviklinga av å kunna lesa i norsk går frå den grunnleggande avkodinga til å lesa, tolka og reflektera over tekstar i ulike sjanger, for ulike føremål og av ulik lengd og kompleksitet.

Den første leseopplæringa skal gå føre seg på elevens hovudmål.

1.1. Lesing – ulike ferdigheitsnivå

I tabellen under, finn de fire område delt inn i fem ulike nivå. Dette er udir si oversikt over nivå på lesekompetanse. Målet er å støtta eleven vidare til neste nivå. Desse skildringane vil hjelpe oss å tilpassa leseundervisninga til den einskilde eleven, og sikra progresjon.

Å kunna lesa som grunnleggande ferdigheit					
Ferdigheits-område	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Førebu, utføra og be-arbeida	Bruka forkunnskapar. Skaffar seg overblikk over teksten før lesing. Les enkle tekstar på papir og skjerm. Be-arbeida teksten med noko hjelp.	Les enkle tekstar med flyt og uthaldenheit. Finn og les tekstar på Internett. Stiller spørsmål til teksten. Kan samtala om innhaldet.	Variera lesemane etter teksten og føremålet med lesinga i fag. Les og navigera hensiktsmessig på Internett. Bruker oppklarande strategiar. Bruker ulike metodar for å systematisera innhaldet.	Bruker faglege og andre forkunnskapar aktivt. Er medviten og kritisk ved lesing på papir og Internett. Be-arbeida teksten på ein sjølvstendig måte.	Vel relevante strategiar tilpassa teksten og føremålet med lesinga. Er medviten eigen lesing og reflektera over anvendte strategiar.
Finna	Finn eksplisitt uttrykt	Kan kjenna igjen sentrale tekstar	Finn og kombinera	Finn implisitt informasjon i	Finn detaljert og implisitt informasjon

	informasjon som er sentralt plassert i enkle tekstar.	i faget. Finn eksplisitt uttrykt informasjon i tekstar med konkurrerende informasjon. Referera til kjelder.	informasjon frå fleire stadar i tekstar med konkurrerende informasjon. Vurdera om kjeldene er truverdige.	komplekse tekstar. Bruker kjelder på ein kritisk og etterprøvbar måte.	i tekstar med ukjent form eller innhald.
Tolka og samanhalde	Bruker eigne ord og trekk enkle slutningar ut frå informasjon i tekstar.	Identifisera hovudtemaet og forstår samanhengar som er tydeleg uttrykt i ein tekst.	Forstår informasjon som er implisitt uttrykt i tekstar.	Forstår tvitydigheiter. Oppfattar motstridande informasjon og informasjon som står i motsetning til det forventa.	Viser heilheitleg og detaljert forståing av komplekse tekstar. Kan systematisera og trekka slutningar på bakgrunn av implisitt informasjon.
Reflektera og vurderer	Kommentera innhald i enkle tekster.	Vurdera innhaldet i tekstar ut frå fagkunnskap og eigne erfaringar.	Grunngjev vurderingar av form og fagleg innhald i tekster.	Analysera og vurderer form og innhald på ein kritisk måte. Samanlikna og systematisera informasjon i ulike faglege tekstar.	Vurdera komplekse tekstar om ukjente emnar på ein kritisk måte. Trekk inn faglege og samfunns-messig perspektiv.

Kjelde: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeverk/rammeverk-for-grunnleggende-ferdigheter/2.3-a-kunne lese/>

Elevane på Hognestad skule skal møte tekstar og oppgåver som let dei arbeida på alle desse områda, for å utvikla seg og oppnå sitt høgaste potensial i lesing.



2.0 Lesing i alle fag

På Hognestad skule er alle lærarar leselærarar! For at elevane skal utvikla seg som gode lesarar, må dei møta ulike teksttypar, og læra kva det vil seia å lesa i alle fag. Under vil de finna ei forklaring av kva det vil seia å lesa i dei ulike faga. Tabellen viser dei ulike aspekta ved lesing som ein treng vektleggja i kvart fag, kva slags teksttypar elevane treng å møta, og dei ulike meiningsskapande ressursane som elevane må kunne lese. Tabellen viser at elevane må få møta og ta i bruk eit mangfald av tekstar i ulike sjangrar. Det at dei skal få møta autentiske tekstar og ikkje berre læreboktekstar, forsterkar skulen sitt mandat om livslang læring.

Lesing i alle fag		
Fag	Aspekt ved lesinga/ ferdigheitsområde	Tekst-typar og meiningsskapande ressurs
Engelsk	Les med flyt og forståing, utforska, læra av, reflektera, skaffa seg innsikt.	Ulike typar engelskspråklege tekstar av varierende lengd og kompleksitet.
Kroppsøving	Henta, tolka, forstå informasjon, vurdere	Fagspesifikke tekstar, kart, symbol
Musikk	Tolka og forstå, reflektera	Musikalske uttrykk, symbol, teikn og former for notasjon. Lesing av tekstar
Mat og helse	Granska, tolke, reflektera, vurdere kritisk	Faglege tekster: oppskrifter, bruksretteiingar, varemerking, reklame, informasjonsmateriell
Matematikk	Finna informasjon, forstå og bruka symbolspråk og uttrykksformer, sortera, reflektera, analysa, samanfatta informasjon frå ulike element, vurdere form og innhald.	Tekstar frå daglegliv og yrkesliv, samansette tekstar som inneheld matematiske uttrykk, grafar, diagram, tabellar, symbol, formlar, logiske resonnement.
Naturfag	Forstå og bruka naturfaglege omgrep, symbol, figurar, argument, kunne identifisera, tolka, bruka og samanlikna informasjon, kritisk vurdere, truverdighet og relevans.	Samansette tekstar i bøker, aviser, bruksretteiingar, regelverk, brosjyrar og digitale kjelder.
Norsk	Få innsikt, finna informasjon, forstå, forholda seg kritisk og sjølvstendig til, tolka, reflektera over og vurdere.	Breitt utval av sjangrar frå notid og fortid på skjerm og papir
KRLE	Oppleva, forstå, henta informasjon, tolka, reflektera	Forteljingar og fagstoff i tradisjonell og multimodal form
Samfunnsfag	Forstå, utforska, tolka, reflektera, søka målretta etter informasjon, behandla, bruka informasjon, samanlikna informasjon frå ulike kjelder, kritisk vurdere kjelder sin	Faglege tekstar, visuelle framstillingar, bilete, film, teikningar, grafar, tabellar og kart.

	relevans, truverdigheit og formål.	
--	------------------------------------	--

3.0 Verktøy skulen brukar

3.1 SOL

Systematisk observasjon av lesing (Sol) skal fungera som ein paraply for leseopplæringa.

Sol skal vera ei hand i ryggen og støtte for læraren, slik at han/ho kan sikra at alle elevar har utvikling i lesing.

Skulen skal ha minst to Sol-økter i personalet kvart år. Sol-øktene skal ha kompetanseheving som mål. Lærarane skal få gjera seg kjent med nye verktøy som dei sidan prøver ut og tek i bruk i klassen.

Faglærer og kontaktlærer har ansvar for å sola elevane minst ein gong kvart halvår. Då legg ein inn i Sol-skjemaet på Conexus dei observasjonane ein har gjort av elevane si lesing dette halvåret. Det anbefales å vera innom skjemaet oftare, også for å sjekka kva ein bør leggja vekt på i undervisninga og for å styrka elevane sin lesekompetanse.

3.2 RELEMO

På Hognestad skule nyttar me Relemo for å trenar automatisering og lesefart. Skulen har ein periode på 6 veker kvar haust og vår der elevane arbeider med Relemo som lekse. (Relemo vert nytta frå våren i 1. klasse)

Før og etter periodane vert elevane testa for å kunna dokumentera framgang i leseflyt.

Me nyttar dette verktøyet fordi me veit at leseflyt er viktig for leseforståinga.

3.3 ASKI RASKI

Aski Raski vert på Hognestad skule nytta systematisk på alle trinn. Kvar einskild elev skal til ei kvar tid ha ein sti dei arbeider med og det skal vera avsett økter fast kvar veke til arbeidet.

I tillegg vil mange elevar ha Aski Raski som lekse enkelte dagar.

Gjennom arbeidet med Aski Raski får elevane trening i leseteknikk, grammatikk, rettskriving og nøyaktigheit i lesing.

3.4 IMal

Imal er eit program for den første bokstavinnlæringa. Dette verktøyet vert nytta fram til ein har gått gjennom alle bokstavane. Elevar som strever med automatisering av bokstavkunnskapen nyttar verktøyet utover dette.

IMal nyttar ein syntetisk tilnærming i den første bokstavinnlæringa. Elevane arbeider med dei bokstavane dei er trygge på og lærer systematisk ein og ein bokstav og lyd.

3.5 På Sporet

På sporet er eit intensivt lesekurs der elevar som strever med den første leseopplæringa (i første klasse) kan få ekstra støtte. Denne undervisninga føregår i mindre gruppe over ein periode på 25 veker.

3.6 Klasselesekurs

Klasselesekurs er å arbeida med lesing i alle fag, det er ein intensivt leseperiode i fellesundervisning.

På Hognestad skule har me valt å arbeida med klasselesekurs i to periodar på 3 veker (haust og vår).

Klasselesekurs handlar om å stoppa opp, roe ned og sikra at alle elevane framleis les teknisk godt, og at dei har gode strategiar i møte med nye, ukjente eller lange ord.

Klasselesekurs er ei form for djupnelæring, der elevane i ein klasse arbeider saman med ein tekst i eit fag over ei heil veke. Dei studerer fagspråk, grammatikk, sjanger osv. Arbeidet vert avslutta med ei skriveøkt der elevane får brukt fagspråket dei har tileigna seg gjennom veka.

3.7 Lesestrategiar

For å gjera seg nytte av, og læra av det me les, må me gjera meir enn berre å avkode ord. Me må forstå meininga i ord, setningar og tekstar. Leseforståing handlar om å kunna henta ut og bearbeide informasjon i tekst.

Arbeidet med leseforståing er viktig frå dei fyrste orda me les og vidare gjennom heile skuleløpet.

Alt me gjer utover det å avkode er lesestrategi. Me nyttar lesestrategiar for å oppnå leseforståing. Målet er at elevane kan variera og nytta seg av dei strategiane som fungerer best for dei.

Ein definisjon av lesestrategi er denne: «Lesestrategier er en form for læringsstrategier som elever bruker når de skal lese og forstå tekster. Leseforståelse kan beskrives som en prosess der leseren henter ut informasjon og skaper mening fra tekst» (RAND Reading Study Group (2002). Reading for understanding. Toward an R&D program in reading comprehension. RAND Reading Study Group. USA: Rand Education.)

Lese og læringsstrategiar nytta på Hognestad skule:

Type strategi	1.-4. trinn	5.-7. trinn
Hukommelsesstrategiar	Repetert lesing Nøkkelord Tankekart Stille «akkurat der» spørsmål til teksten	Repetert lesing Nøkkelord Tankekart Stille «akkurat der» spørsmål til teksten
Elaboreringsstrategiar	BO – bilde og overskrift (aktivert forkunnskap) Omgrepskart/ordkart Læresamtalen (lærevenn) Venndiagram	BISON Omgrepskart/ordkart Lese mellom linjene Les og sei noko Læresamtalen (lærevenn) Venndiagram Stilla spørsmål til teksten
Organiseringsstrategiar	Tankekart Venndiagram Tokollonnenotat	VØL Venndiagram Tankekart, strukturert Visualisering (tidslinje, illustrasjonar)
Metakognitive strategiar	Læresamtalen, refleksjon Understreking/ut-guling av vanskelege ord under lesing. Faglogg/refleksjonslogg Kontekstlesing (bruke samanhengen for å skape forståing)	Læresamtalen, refleksjon Understreking/ut-guling av vanskelege ord under lesing. Oppsummere Faglogg/refleksjonslogg Gode digitale lesestrategiar (Kjeldekritikk)

Hukommelsesstrategi

- For å huske fakta

Elaboreingsstrategiar

- Skape samanheng mellom det eleven kan frå før og nytt stoff som skal lesast.
- Skape mening i tekst

Organiseringsstrategiar

- Å organisere informasjonen ein får gjennom lesing (ofte og saman med forkunnskap)
- Systematisere informasjon

Metakognitive strategiar

- Tenking om tenking – vurdere eiga leseforståing - tenke høgt
- Les eit avsnitt, stopp, forstod du innhaldet, nei/vel, kva gjer du då?
- Strategiar for å koma vidare når ein ikkje forstår - stilla spørsmål til seg sjølv
- Refleksjonslogg
- Kjeldekritikk

Den metakognitive er litt vanskeleg, fordi den handlar om det som hender inni hovudet....

3.9 CL-strukturar

Hognestad skule nyttar samarbeidslæring i undervisning og arbeid i kollegiet. Læring er ein sosial prosess som skjer i interaksjon med andre. Det er gjennom den språklege formuleringa og dialogen med andre at elevane erkjenner – eller konstruerer – seg sjølv og si forståing (Cooperative learning 202 s. 7). Samarbeidslæring, med sine strukturar, er ein viktig bit for å lesa og forstå betre.

3.9 Bibliotekhalvtime

Kvar klasse er på biblioteket ein halv time. Elevane låner bøker og lærar kan lesa for dei i løpet av desse 30 minutta.

4.0 Årshjul lesing Hognestad skule 2025- 2026

Veke	Trinn	Alle	Utviklingsarbeid
34	iMal 1.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
35	iMal 1.trinn	Pre-test Relemo (start 6.trinn) Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
36	iMal 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Pre-test Relemo (ikkje 1.trinn) Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
37	iMal 1.trinn NP 5.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
38	iMal 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	Klasselesekurs på PU-tid
39	iMal 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	Deling leseressurslærar

40	iMal 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
41	Haustferie		
42	iMal 1.trinn På Sporet 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
43	På Sporet 1.trinn Kartleggingsprøve lesing 3.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	Lingdys oppfrisking på 30 min.
44	På Sporet 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Re-test Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
45	På Sporet 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
46	På Sporet 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	Frist Soling haust Deling leseressurslærer + repetisjon/førebu klasselesekurs
47	På Sporet 1.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling Klasselesekurs	NP på PU
48	På Sporet 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling Klasselesekurs	NP på PU
49	På Sporet 1.trinn Aski Raski leseløft 2., 3. og 4.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling Klasselesekurs	
50	På Sporet 1.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	Klasselesekurs i Team- tid -evaluering
51	På Sporet 1.trinn	<i>Bibliotekhalvtime</i> <i>Aski Raski</i> Soling	
52	Juleferie		
1			
2	På Sporet 1.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
3	På Sporet 1.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	

4	På Sporet 1.trinn	Soling	
5	På Sporet 1.trinn	Soling	
6	På Sporet 1.trinn	Soling	
7	På Sporet 1.trinn	Bibliotekhalvtime Soling	Førebu klasselesekurs
8	På Sporet 1.trinn	Bibliotekhalvtime Soling	
9	Vinterferie		
10	På Sporet 1.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling Pre-test Relemo	
11	På Sporet 1.trinn Kartleggingsprøve lesing 1.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Klasselesekurs	SOL på PU
12	På Sporet 1.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Klasselesekurs	
13	På Sporet 1.trinn Dysmate kartlegging 4. og 6.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Klasselesekurs	
14	Påskeferie		
15	På Sporet 1.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	Lingdys oppfriskng
16	På Sporet 1.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	Evaluering tiltak NP i PU
17	På Sporet 1.trinn	Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	Evaluering tiltak NP på planleggingsdag
18	På Sporet 1.trinn	Re-test Relemo Bibliotekhalvtime Aski Raski	Frist Soling vår
19	På Sporet 1.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
20	På Sporet 1.trinn	Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
21		Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
22		Oppstart Sommarles + bokveke Bibliotekhalvtime Aski Raski	

		Soling	
23		Sommarles + bokveke Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	
24		Sommarles + bokveke Bibliotekhalvtime Aski Raski Soling	

* NP, Kartleggingsprøver, Ordkjedetest, Aski Raski, Soling, Klasselesekurs og Relemo blir brukte inn i trinnsamtalane der me ser på enkeltindvid og klassenivå. Kontaktlærarane har då eit godt grunnlag til å ta opp lesing i utviklingssamtalen og til å justera kva dei arbeidar med i timane.